



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:

26.05.2026

Vår ref:

2026/2537

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Høyringsfråsegn
202209809

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Siri Wølneberg Bøthun, 5764 3287

Høyring - revisjonsdokument - reguleringa - Lærdalsvassdraget - Lærdal kommune

Me viser til oversending 30.01.2026. Dette brevet er ei felles uttale frå Villreinutvalet for Nordfjella og Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell.

Innleiing

Underteikna er glade for at vilkårsrevisjon for utbygginga av Lærdalsvassdraget vart sett på dagsorden, slik at alle konsesjonane som er gjeve i vassdrag innanfor Nordfjella villreinområde får oppdaterte vilkår.

Me syner til revisjonskravet frå villreinutvalet, datert 25.10.2022 og frå villreinnemnda datert 09.05.2022, inklusive vedlegg. Våre respektive roller er presenterte i desse breva. Her vert også viktigheita av ivaretaking av villreinen og villreinen sine leveområde understreka. Etter dette har me også fått ei eiga stortingsmelding for villrein; St. mld. 18 (2023-2024) *Ein forbetra tilstand for villrein*.

For å nå måla framsett i stortingsmeldinga må alle aktørar med eit ansvar for tilhøve i villreinen sine leveområde bidra. Vasskraftregulering har bidrege vesentleg til reduserte moglegheiter for trekk og med det vanskeleggjort utnytting av areal. Regulantar og nasjonale energimynde ber difor eit særleg stort ansvar i høve til å redusere skadeverknadar og unngå nye. Gjennom nye konsesjonsvilkår kan ein no oppnå konkrete forbetringar, og det er 30 år til neste moglegheit for større tiltak (tiltak som går utover generelle naturforvaltingsvilkår). Der det er mogleg å gjenopprette trekk bør ein i prinsippet forsøke å få dette til. Der det *ikkje er mogleg* å redusere skadeverknadane bør det gjerast kompensierende tiltak, til dømes å bidra til betring av særleg viktige trekkruiter som villreinen har mista andre stader i villreinområdet.

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Siri Wølneberg Bøthun
Tlf. 57643287
siri.wolneberg.bothun@statsforvalteren.no



Nordfjella vart klassifisert til dårleg tilstand (raud), i den første klassifiseringa etter Kvalitetsnorm for villrein (Rangifer tarandus) – Lovdata. Klassifiseringa kom 25.04.2022, Kvalitetsnorm for villrein – første klassifisering (nina.no). I klassifiseringa av Nordfjella vart det mellom anna vist til at vegar, vasskraftutbygging og ferdsle i utsette område, samla gjev ein stor negativ effekt på villreinens vandringar og trekk. I tillegg kjem helsesituasjonen med utbrotet av CWD (skrantesjuka).

Kommentarar til fagutgreiinga for villrein

Me vil rose fagutgreiinga for villrein som er lagt ved revisjonsdokumentet. Rapporten har brukt gode kjelder og framstiller tilhøva på ein god måte. Me saknar dei føreslegne avbøtande tiltaka i konsesjonæren, Østfold Energi, sitt framlegg til nye vilkår.

Når villreinen prøver på eit trekk men vert hindra, pga at den vert skremd, eller ved fysisk stengsle, er det vanleg åtfærd at den vil prøve til att omtrent på same plass. Dersom den vel ein anna veg, er denne vegen ofte ein retur, dvs. at den reiser tilbake utan å ha kryssa, like gjerne som at den finn ei alternativ rute i same retning. Dei trekka som framleis er tilgjengelege vert absolutt brukte, men då gjerne med dyr som har teke ei anna rute i utgangspunktet. Dette bør omtalast i samband med verdisetjing av ulike trekkruiter.

Me saknar også at utbygginga av Lærdalsvassdraget vert sett i samanheng med dei andre utbyggingane, slik at ein får sjå det samla biletet på kraftutbygginga sin verknad på villreinområde, og minst den samla verknaden innanfor sone 1 (sjå vedlegga til revisjonskravet frå villreinnemnda, særleg vedlegg 2). Totalt sett påverkar utbygginga alle aust-vest-trekk frå sørleg vasskant til villreinområde sin ytterkant nede i Gravdalen. Utbygginga av Aurlandsvassdraget påverkar alle trekk frå nordleg vasskant til sone 1 si avgrensing mot Fv 50 i sør. Berre trekket over Hundhus, som går mellom dei to vatna, står att som urørt. Den totale påverknaden på dynamikken i trekk og arealbruk av desse inngrepa, samla sett, vert ikkje diskutert. Lokalkjende med lang fartstid i fjellet viser til at rørslemønsteret vart vesentleg endra etter at Kvevatnet vart bygd ut. Til dømes vart trekkrutene frå vestleg del av fjellet og austover endra, slik at bruken av store areal i Ål og Hemsedal vart kraftig redusert. Slike storskala endringar i trekkmønsteret vert i liten grad fanga opp av datamodellar og simuleringar, slik det vert vist til i fagrapporten. Ei betring av rørsla aust-vest, ved ei restaurering av trekket over Harbakkspanget, har i lys av dette stor verdi.

Me meiner at det er svært høgt sannsyn for at villreinen faktisk vil ta i bruk ei slik landbru. Her er ingen forstyrning i høve til tilkomst til kryssingsplass, og området har generelt låg menneskeleg ferdsel. GPS-posisjonane syner at villreinen i dag ofte freistar å krysse vatnet nettopp her, men utan at dei kjem seg over (sjå vedlegg 1 og presentasjon av Lærdalsvassdraget i vedlegg 2, i villreinnemnda sitt revisjonskrav). Me er difor sterkt ueinige når fagrapporten trekker nytten av tiltaket i tvil, og meiner det er stor usikkerheit knytt til om tiltaket vil ha ynskt effekt. Videre vil me etterlyse ei grundigare handsaming av dette tiltaket. Kostnadskalkylane er berre grovt skissert, og ein får ikkje noko bilete på korleis tiltaket vil kunne verte i praksis. Me meiner at det bør utarbeidast eit tilleggsdokument som går djupare inn i dette, på same måte som ein har gjort for Vampen og sundet mellom Nyhellervatnet og Kongshellervatnet i revisjonen for Aurlandsvassdraget.

Tiltaket med landbru er eit omfattade og kostbart prosjekt.

Fagrapporten for villrein peikar på fleire tiltak som har positiv verknad, oppsummert i tabell 6.1. Den samla verknaden av alle desse vil, slik me ser det, få stor positiv verknad!

Vår tilråding til innhald i nye vilkår

Villreinnemnda og villreinutvalet tilrår at dei nye vilkåra inneheld krav om



- Restaurering av trekk ved etablering av landbru over Harbakkspranget
- Utjamning av kantane på kanalen mellom Dyrkollvatnet og Gravidalen
- Krav om at innflygingsruter ved helikoptertransport og evt. tilsyn med helikopter vert utforma i samråd med villreinforvaltinga
- Regimet der anleggsvegen er stengd med unntak av dei som er bruksberettiga, inklusive jegerar og fiskarar med gyldige løyver, må oppretthaldast

I revisjon av vilkår for Hemsilvassdraget, Holsvassdraget og Uste- Hallingdalsvassdraget er det gjeve vilkår om avsetting av fondsmidlar som kan nyttast til kompensierende tiltak. Midlane skal setjast på eit villreinfond. Innanfor utbygginga av Lærdalsvassdraget er det fleire moment som ikkje kan gjerast noko med, til dømes er det ikkje råd å restaurere det øydelagde trekket over Øljusjøen (sjå fagrapporten for villrein og vedlegga til ovanfor nemnde revisjonskrav). Etablering av vegar, og uro som fylgje av tilsyn, oppgraderingar (t.d. damrehabilitering) og tilkomst for andre interesser m.m. er også fylgjer som ein til ein viss grad må «leve med». Me meiner ein på grunnlag av dette må pålegge også Østfold Energi krav om å bidra til dette fondet. Dersom ein trass våre synspunkt vurderer det slik at nytten av ei landbru over Harbakkspranget ikkje kan forsvare kostnaden, ser me det som eit minimum at ein kompenserer ved å auke kravsummen til fondsavsetting monaleg.

Me erfarer at det er vanleg å unnlate å nemne ein del positive, mindre tiltak i vilkåra, og i staden late desse sortere, uspesifiserte, under det generelle naturforvaltingsvilkåret. Alt som skal gjerast under dei generelle naturforvaltingsvilkåra er avhengig av at tema vert teke opp på ny, i eigne prosessar, der rette mynde kjem med pålegg med heimel i vilkåret. Dette er særst tungvindt, og vil skape ei uheldig og unødvendig utsetjing av realisering av enkle tiltak. I verste fall kan det føre til at tiltaka ikkje vert gjennomførte. Me vil difor oppmode om at alle konkrete tiltak vert inkludert i dei nye vilkåra.

Med helsing Villreinnemnda for Nordfjella,
Fjellheimen og Raudafjell og Villreinutvalet for
Nordfjella

Trygve Skjerdal
Leiar villreinnemnda

Siri Wølneberg Bøthun
Sekretær villreinnemnda

Sigurd Vikesland
Leiar villreinutvalet

Harald Skjerdal
Sekretær villreinutvalet

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Lærdal kommune

Øyraplassen 7

6887

LÆRDAL



Nordfjella villreinutval
BUSKERUD FYLKESKommune

Fjordsenteret
Hauges gate 89

5745
3019

AURLAND
DRAMMEN